

# **BOKN BYGDABLAD**

**NR. 8 - OKTOBER 1996 - ÅRG. 11**

**UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE**

**STATOIL sine planar om gassrøyr  
over Bokn  
Les s. 2, 4 og 5**

**REFORM 97 I BOKN  
10 års grunnskule frå august 1997  
Les s. 8.**

## **"HAVØRN" FRÅ BOKN TIL VICTORIA**

Som sikkert mange kjenner til vart fiskeskøyta "Havørn" sold frå Alvestadkroken til ein amerikanar på midten av 1960-talet. Etter den tid har skøyta hatt eit omflakkande tilvære - men har dei siste åra hatt fast tilhaldsstad på vestkysten av Amerika. Dette biletet er tatt i sommar på ein veteranbåtutstilling i Victoria, Canada av fiskaren Kåre D. Dahl frå Vedavågen. Han hadde først sett etter "Havørn" i Seattle kor ho har hatt tilhaldsstad ei tid. Eigaren er Lee H. Ehrhart, Seattle. Det er framleis den gamle Wichman-motoren i "Havørn".

Bygdabladet har fått biletet og opplysningane frå Hjalmar Olseth i Kopervik, og takkar for hyggeleg brev og biletet.



# **STATOIL INFORMERER I BYGDABLADET**

For fyrste gong har Statoil i dag 2 informasjonssider i Bokn Bygdablad. dette finn du på side 4 og 5.

Bakgrunnen for dette er at Statoil ynskjer traseen for Europipe II gjennom Bokn kommune, og at selskapet difor vil halda innbyggjarane godt informerte om det som skal skje.

## **TO RØYR OVER BOKN?**

Frå Statoil vart det sagt på informasjonsmøtet den 11.09 at i tillegg til Europipe II, kan gassrøyret frå Åsgard til Kårstø også koma til å bli ført i land over Bokn - slik at det blir to gassrørleidningar. Førebel er det imidlertid planen at Åsgard-gassen skal gå i den eksisterande traseen over Karmøy. Det kan bli spørsmål om dette er forsvarleg i forhold til at det ligg andre røyr der frå før, og trase over Bokn kan bli aktuell også for Åsgard. Med begge gassrøyra kan det bli ei årleg inntekt av dette på rundt 4 millionar kroner. Men dette er usikkert før Stortinget ha tatt standpunkt til prosjekta. For nokre år sidan var det også aktuelt å føra gassrør over Bokn, men den gongen vart det endelege vedtaket at røyret skulle gå over Karmøy.

## **"FÅ NOKO ATT"**

Det var ikkje mange kritiske motforestillingar frå tilhøyrarane til utbyggjarane, men Arne Øvrebø meinte at kommunen ville få mindre tilskot frå staten dersom ein fekk inntekter frå eit gassrør gjennom

kommunen, og at nettoinntektene dermed kanskje ikkje blir så store. Både han og Kari Christensen sa at Bokn kommune måtte få noko att av utbyggjarane for dei ulempene røyret vil påføra. Ordføraren svara at kommunen ikkje kunne gjera så mykje med det spørsmålet før det er endeleg bestemt at gassen skal førast over Bokn.

Statoil har registrert visse problem som må løysast i kommunen ved anleggsdrifta. Det gjeld særleg område der vegnettet ikkje er i stand til å tilfredsstilla dei krava som må stillast m.o.t. sikker anleggsdrift. Dette må i tilfelle drøftast med vegvesenet, fylket og kommunen dersom det gjeld fylkesveg. Statoil sjølv går ikkje inn med midlar t.d. i utbetring av vegar.

## **ANLEGGSBASE I BOKN?**

Statoil kan koma til å leggja ein anleggsbase i industriområdet ved Knarholmen, men dette er ikkje endeleg avgjort. Dersom dette blir gjort, vil administrasjon, arbeidsfolk og utstyr ha base her. Anlegget vil starta hausten 1997 og vara ut 1988. 230 årsverk skal utførast på Bokn i anleggstida, noko som betyr at ein eventuell anleggsbase må ha husvære og utføra forpleiningsoppgåver til gjennomsnittleg 150 personar medan anlegget pågår. Av ein total kostnad for heile Europipe II på knapt 7 milliardar kroner, vil anlegget over Bokn til Kårstø kosta 310 millionar kroner.

## **MINNEORD**

Elise Nedrebø, f. Schröder, er død, nær 72 år gammal. Ho kom frå Røvær - foreldra var Mathilde og Torgny Schröder. I denne familien var det 6 barn.

I ung alder arbeidde Elise m.a. på ein kafe i Stavanger.

I 1951 vart ho gift med Torbjørn Nedrebø, og dei busette seg på garden som han overtok på Austre Bokn. Dei fekk 4 barn - to gutter og to jenter.

Elise fann seg godt til rette i bygda. Som kone på gard hadde ho arbeid både i heimen og på garden, og ho var dyktig i arbeidet.

Elise hadde god kontakt med bygdafolket, og tok del både i misjonsforeninga og sjømannsmisjonsforeninga på Austre Bokn. Ho var også med i Bokn Songlag så lenge ho kunne for helsa sin del.

Næraste attlevande er 4 barn, svigerbarn og 8 barnebarn, dessutan 4 søskener.



---

## **TRYGGLEIKSALARMAR TIL DEI SOM HAR BEHOV**

Helse- og sosialetaten i Bokn har nå ved hjelp av legat-gåve frå det såkalla Kaia-fondet kjøpt inn nytt mottaksutstyr som gjer at ein kan ta i bruk fleire tryggleiksalarmar, pluss at ein har kjøpt inn fleire alarmar. Det systemet ein hadde tidlegare hadde begrensingar i antal alarmar. Ein har nå til saman 11 tryggleiksalarmar, og av desse er 7-8 i bruk. Det nye systemet er slik at det ikkje vil bli begrensingar på å knytta på så mange alarmar som det er behov for her i Bokn.

Sentralen for alarmane er på vaktrommet ved sjukestova, slik at det fort lett seg gjera å registrera kven som treng hjelp.


# Europipe II

## gjennom Bokn kommune

I sommer vedtok Stortinget at gass fra Åsgard-feltet skal ilandføres på Kårstø. Dette, sammen med at Norge har forpliktet seg til å øke gassleveransene til kontinentet, utløste behovet for en ny rørledning for eksport av gass. Kårstø ble derfor et naturlig startpunkt for Europipe II. På sin vei fra Kårstø mot kontinentet, passerer rørledningen gjennom Bokn kommune før den går sørover vest for Kvitsøy og når Dornum i Tyskland.

### Rørledningstraséen

Rørledningen skal etter planen trekkes i land ved Trosnavåg (Regavika) vest på Vestre Bokn. Der skal det bygges en ventilstasjon. Herfra legges rørledningen på sørsida av Håmannsnuten og mellom Gunnarstadvatnet og Ulvåna på sørsida av Ulvåghaugane. Traséen går videre mellom fylkesvei 892 og Torland før den bøyer av mot nordøst og passerer nordvestspissen av Boknabergsvatnet til Boknaberg og nedover mot Sæbø. Boknasundet krysses i rett linje



Skissen viser de to alternative trasévalgene for Europipe II-rørledningen over Bokn til Kårstø.

mellan Sæbø og et punkt ca. 150 meter nord for Tåganes på Austre Bokn. Rørledningen fortsetter videre under fylkesvei 897 og fram til et punkt ca. 300 meter nordøst for veien. Mellom dette punktet og Kårstø foreligger to alternative traséer.

I det nordlige traséalternativet følger rørledningen fjellterrenget øst for Håklepp, den passerer Ognasundet ved Håtong - øst for fylkesvei 897 - og skjærer i en vestlig bue over Ognøy før den passerer over Ognakalven og Frekasundet på vei inn mot Kårstø.

I det nordvestlige traséalternativet følger rørledningen en trasé over Austre Bokn

og fortsett ut i sjøen ved Viervik, for så å legges på sjøbunnen over Falkeidflæet mot ilandføringsstedet inne på Kårstø-anleggene.

### Konsekvensutredning

Det er laget en konsekvensutredning for prosjektet. Den gir en oversikt over fordele og ulemper gjennomføringen av prosjektet antas å få for næringsvirksomhet, miljø, naturressurser og lokalsamfunnet forøvrig. Konsekvensutredningen er oversendt Bokn kommune i flere eksemplarer, og kommunen - sammen med en rekke andre høringsinstanser - har frist til 1. oktober med å uttale seg om den. Det er lagt opp til at Stortinget fatter endelig avgjørelse om Europipe II i løpet av høstsesjonen 1996, og hvis Stortinget gir sin tilslutning, planlegges byggestart i slutten av 1997.

### Informasjon

Onsdag 11. september arrangerte Bokn kommune og Statoil et informasjonsmøte på Boknatun. I en fullsatt sal ble det orientert om hele prosjektet. Den 8. oktober blir det avholdt et møte med berørte grunneiere. Senere er det planlagt flere informasjonskvelder og et felles møte for alle offentlige instanser. Det er også planer om en egen informasjonsbrosjyre om prosjektet.

### Andre kanaler

Statoil ønsker å holde innbyggerne på Bokn orientert om utviklingen i prosjektet, og i tillegg til møter, brosjyrer og andre informasjonskanaler vil vi også kunne bruke Bokn Bygdablad som informasjonskanal.

## Kontakter i Statoil

**Dersom det er ønskelig med mer informasjon om Europipe II-prosjektet eller om noen av alle de andre virksomhetene Statoil driver med i regionen, kan disse kontaktes:**

### **Spesielt om Europipe II-prosjektet**

**Morten Vinje, tlf. 51 80 86 03  
Gunnar Henriksen, tlf. 51 80 74 36**

**Generelt om Statoils virksomhet**  
**Statoils informasjonsavdeling på Kårstø, som treffes på**

**tlf. 52 77 22 00.**

# **I ÅR MED TRYGDEBUSTADER I FØRESVIK**

Frå august i fjor kunne Bokn kommune tilby 6 trygdebustader i Føresvik. Det var nok dei som var usikre på om det var tilstrekkeleg med folk som kunne tenkja seg å bu i eit slikt husvære. Det som har vist seg er at ingen av husværa har stått ledige over tid. Ein har heller ikkje avvist folk som har søkt. Ein gong var det ein person som sto på venteliste, men dette ordna seg på annan måte.

## **TILPASSA**

Dei 6 husværa ligg i eit rekkehus kor det er 3 leiligheter på sokkelplan med direkte inngang frå sør aust utan trapper. Dei 3 andre leilighetene ligg i 2. etasje, med inngang frå motsett side (nordvest). På grunn av høgdeforskjell i terrenget går også denne inngangen direkte inn i leiligheten utan trapper.

Husværa er bygde med livsløpsstandard. Det vil seia at dei skal kunna nyttast av rullestolbrukarar. Ein har imidlertid sett at det har vore nødvendig med visse justeringar der kor det er brukar med rullestol. Det har også vore mindre justeringar og utbetringar som har vore og vil bli utbetra av byggfirmaet som hadde byggearbeidet. Hovudinntrykket er imidlertid at leilighetene er funksjonelle for eldre og funksjonshemma.

## **SENTRALT**

Trygdebustadene er plassert i kort gangavstand frå Boknatun med lett tilgang på kommunen sine helse- og sosialtenester, bibliotek, bank og andre kommunale og statlege tenester. Det er også lett tilgjenge til diverse arrangement t.d. i Allrommet.

## **"KAN IKKJE FÅ DET BETRE"**

Olga H. Alvestad som er 83 år, er ei av dei som har budd i leilighet i 1. etasje frå august i fjor. Ho hadde tidlegare budd 1 ½ år i kjellarleilighet i nytt hus i Alvestadkroken. Før det budde ho i sitt eige hus som var gammalt og kaldt om vinteren. Ho hadde heller ikkje tilfredsstillande bad og toalettforhold i det gamle huset, og måtte i trapper. Det som ho tenkte litt på før ho flytta frå Alvestadkroken til Føresvik, var at ho ikkje kunne gå til butikken, og at det blei lengre til slekt og vene i Alvestadkroken. Nå seier ho til bygdabladet at ho ikkje har angra eit sekund på at ho flytte. Her er det lettstelt og greit på eitt plan, varmt og godt, og passegleg stort. Det meste av dei varene ho treng, får ho kjørt til døra av kjøpmannen.

## **"GODT OG TRYGT"**


Selma og Torger Grønnestad bur i ein av leilighetene i 2. etasje. dei er 82 og 87 år gamle, og har hatt husværet frå august i fjor.

Dei fortel at dei alt for fleire år sidan vart spurde av Ingolf Kro om dei var interesserte i å bu i trygdebustad. Han var då leiар for ei nemnd som planla slike bustader i Bokn. Alt den gongen tenkte dei at dette kunne vera ei god løysing, då dei såg at dei m.a. fekk svakare helse, og at det kunne vera vanskeleg å bu så langt borte frå pårørande som dei gjorde. Det var difor ikkje vanskeleg for dei å bestemma seg då husværa var ferdige og innflyttingsklare.

Også Selma og Torger legg vekt på at husværet er godt tilpassa deira behov, og at det er kort veg til andre helse- og sosiale tenester som dei nyttar seg av. Her har også pårørande kort veg, og det er triveleg å sjå liv og røre rundt seg. Dei har også kontakt med dei andre som bur her. Sjølv om det har vore mindre problem, har dette løyst seg etter kvart, som t.d. ei gjenstridig skyvedør til badet. Det eldre ekteparet seier at det har vore eit godt år på alle måtar etter at dei flytte inn. I sommar har det vore ekstra fint med at dei har kunna gå ut på verandaen rett ut frå stova i det fine veret, og på ettermiddagen rett ut av kjøkenet i ettermiddagssola.


### **FRIGJORT ANDRE HUS**

Ved at nokre av dei eldre og funksjonshemma som har busett seg i trygdebustadene har flytta frå andre kommunale bustader, har dette ført til at kommunen har fått frigjort kommunale bustader. Ved å byggja 6 nye husvære har kommunen fått høve til å selja nokre av sine eldre bustader. Det står nå ein eldre tom kommunal tomannsbustad som tidlegare var såkalla "lærarbustad" som skal seljast.



*Trygdebustadene sett frå nordvest. Her på oppsida er det direkte inngang for dei 3 bustadene som ligg i 2. etasje. Her er det også dør frå kjøkken ut til skjerma plass med ettermiddagssol.*

# **REFORM 97 I BOKN**



Grunnskulereforma blir sett i verk 1. juli 1997. Skulestart for seksåringar, tiårig skulegang og nytt læreplanverk er sentrale moment i reforma.

Det nye læreplanverket er tredelt med ein generell del som omtaler overordna mål, ein organisasjonsdel som omtaler prinsipp og retningsliner for opplæringa, og ein fagplandel. Lærarane ved Bokn skule er no i arbeid med å gjere seg kjent med del to som også blir kalla "brua" mellom dei generelle måla og fagplanane.

Foreldra i Bokn får ei første orientering om det nye på klasseforeldreträda i haust. Seinare vil det bli ei breiare orientering til foreldra om korleis skulen vår kan tilpasse seg alt det nye.

Dei siste åra har vi hatt innskrivinga til 1. klasse tidleg på hausten året før skulestart. Vi vurderer å ta denne innskrivinga rett over nyttår denne eine gongen, og det har følgjande årsak:

Når grunnskulen frå 01.08.97 blir tiårig, vil det føre til at det vi i dag kallar førskulen blir 1. klasse, det vi i dag kallar 1. klasse blir 2. klasse, og slik heile vegen til 9. klasse som altså blir 10. klasse. Alle elevane kjem liksom til å "hoppe over" eit klassessteg når dei startar skulen neste haust.

Dette går sikkert greit for dei fleste sidan det ikkje blir hoppa over eit år undervisningsmessig. Men kva med dei nye sjuåringane? Dei skal starte sin skulegang i 2. klasse. Vi har lyst til å gjere noko med akkurat dette.

Når vi legg innskrivinga til rett over nyttår, har vi lyst til å kalle det siste halvåret av førskulen for "1. klasse", slik at sjuåringane til hausten har hatt eit halvt år i "1. klasse" og deretter kan starte i 2. klasse. Det høyrest liksom litt meir rett ut. Foreldra vil få orientering om korleis innskrivinga blir seinare i haust.

# **STEIN KAN GI LEVEBRØD FOR SVEIN**

Mange har nok sett at det fleire stader på Bokn og Ognøy fins fin murestein. Det viser m.a. i steingardar på Austre Bokn og på Are. Under bygginga av riksvegen gjennom Bokn var det nok også dei som fekk høve til å skaffa seg fin murestein etter som vegen vart bygd gjennom område med slik fin Stein.

## **MYKJE FIN STEIN I KRO**

Svein Kro har funne eit felt med fin skiferaktig stein over eit beiteområde han eig nord for Håklepp. Området ligg ganske høgt, og er litt vanskeleg tilgjengeleg, men med gravemaskin eller traktor kjem ein fram både frå aust og vest.

Når ein ser på uttaket, ser ein tydeleg den lagdelte steinen som kan brytast fram med gravemaskin eller meisel. 10 - 20 cm tjukke flak fraktar Svein ned gjennom brattlendt beitemark ned mot bygdavegen i Kro. Her nede kan han kløyva steinen ytterlegare slik at han skal bli lettare å arbeida med dersom ein t.d. skal brukha til heller i tunet.

## **FLEIRE BRUKSOMRÅDE**

Utanom å brukha steinhellene til underlag for terasse, i tun m.v., er det mange som vil brukha dei til fine steingardar, murar, utepeis, benk, bord m.v. Naturmaterialer er råstoff som folk set pris på, ser det ut for.

## **MANGE VIL HA STEIN**

Etter eit oppslag i ei avis i vinter, ser det ikkje ut til at Svein treng å avertera steinen for å selja. Det har

vore så stor etterspurnad at han ikkje greier å levera til alle. Det tek tid å få steinen ut når ein elles går i full jobb på Bokn Plast slik som Svein gjer, og det kostar mykje pengar å investera i reiskapar som skal til for å få steinen ut. Svein seier at han vil brukha dei inntektene han nå får på dette til å investera i maskinar og reiskapar. Nå leigar han mann med maskin til å løysa og ta ut steinen.

## **VANSKELEG TILGJENGE**

For ein som ikkje er fagmann på området, og som ikkje er van med steinarbeid, synest det som at området er både bratt og vanskeleg tilgjengeleg. Med ein traktor som er lasta med tung stein nedover den bratte hellinga, skal ein ha god øving i korleis dette kan balansera skal ein koma heilskinna ned til bygdavegen. Svein seier imidlertid at dette går fint, og det kan også lagast veg frå skogsvegen på austsida av tunnellen, over fjellet og til steinuttaket.

## **TILLEGGSNÆRING ELLER NYE ARBEIDSPLASSAR?**

Svein vågar ikkje å svara på kva dette kan utvikla seg til. Han vil sjå tida an for å finna ut om det vil svara seg å satsa større på prosjektet. Han seier også at det ikkje berre kan brytast ut stein utan tanke på korleis det vil sjå ut etterpå. Det viser seg at det er mykje jord innimellan all steinen, og det er først ved store uttak at det vil bli vesentlege endringar av naturformasjonen.



**BRUK**  
BIBLIOTEKET

**OPNINGSTIDER:**


TIRSDAG: 10 - 13.30  
ONSDAG : 16 - 19.00  
TORSDAG: 10 - 13.30

HAUSTEN ER TIDA FOR HOBBY

Biblioteket har eit stort utval av hobbybøker.


**BÅRNEBOK**

**PÅ  
BIBLIOTEKET**



- \* PEIKE OG BILETBØKER FOR DEI ALLER MINSTE
- \* BØKER TIL Å KOSE SEG MED -
- \* BØKER TIL Å LÆRE NOKO AV -
- \* BØKER SOM GIR DEG EIN GOD LATTER -
- \* BØKER SOM GIR SVAR PÅ DET MESTE DU UNDRAR PÅ
- \* EVENTYRSAMLINGAR OG SERIAR

OM DU LIKAR HAMSUN ELLER DONALD, ELLER ER  
PÅ JAKT ETTER OPPLYSNINGAR OM SÆRSKILDE  
EMNE, GJER BIBLIOTEKET DET SOM ER MOEGLG  
FOR Å SKAFFE DEG DET DU VIL LÅNE. **GRATIS!**



# **frá haug ok heidni/Gammalt or Bokn**

Ein vil igjen minna om desse heftene samt plakaten frå *Søndagstur til fortida* som blir solgt på kulturkontoret ( kontoret ligg i skulebygget, inngang vest ). Salet av **frá haug ok heidni** går jevnt, men det er fortsatt rikeleg med hefter att. Prisen for alle artiklane er kr. 50,- pr. stk. Me sender gjerne pr. brev, ta i tilfelle kontakt med Jardar på kulturkontoret.

For dei som ikkje fekk med seg site utgåve av Bygdabladet, vil ein gjenta fylgjande:

**frá haug ok heidni**, nr 3 1996 er ei spesialutgåve som heiter «Bokn kommune, Arkeologi - naturhistorie - kulturhistorie». Dette 60 siders tidsskriftet som berre handlar om Bokn, er fullt av interessante artiklar som igjen er illustrerte med nydelige biletar - både i fargar og eldre biletar i svart/kvitt, og det er neste like mange biletar i heftet som det er sider. Dette gjer m.a. sitt til at heftet blir luftig og lett å lesa.

Her finn du artiklar som har stått på trykk før, men mest av heilt nytt stoff. Av lokale forfattarar kan nemnast Birger Lindanger, Svein Ivar Langhelle, Sigvart Våga, Olaug Askeland, Ove Kambestad og Dag Brynjelsen.

**Gammalt or Bokn** er ein liten forsmak på bygdeboka. Heftet blei første gong gitt ut i 1990 og er på

85 sider. **Gammalt or Bokn** inneheld interessante oversiktsartiklar, gardshistoriar og artiklar skrivne om Bokn og boknarar av Birger Lindanger, Svein Ivar Langhelle, Torkell Mauland og Elisæus Vatnaland.

NB! Det er fortsatt ei kvit strikkjakke samt eit regnsett, storleik 8 - 10 år på kulturkontoret etter Søndagstur til fortida, funne i Peraliå. Er det nokon som savnar dette?

## **UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING**

for 1996/97 er i gong, og det er allerede påmeldte deltagarar. Påmeldingsfristen er 1. november, så det skulle vera god tid enno til å bruka fantasi og meldar seg på med eit eller fleire innslag. UKM har festa seg skikkeleg i dei fleste kommunar no, og 5 kommunar her på Haugalandet har eit godt samarbeid omkring dette prosjektet. Eit synleg teikn på dette var den flotte fargeannonsa i Haugesunds Avis 27. september.

Kommunal mønstring i Bokn blir 26.1.97, og fylkesmønstringa blir 15. og 16.3.97 på Tysværtunet.

- kulturleiaren -

# MILJØ FOR LIVET

**TV-AKSJONEN 20. OKTOBER 1996**

MILJØ FOR LIVET, som er ein menneskerettighets- og humanitæraksjon, handlar om å setja forlik i stand til å leva av og med naturen utan å øydeleggja han. Det er ein menneskerett å overleva - også for framtidas generasjonar. Prosjektet fremmar retten til å ha tilgang til rein luft, rein jord og reint vatn. Alle menneske skal ha eit verdig liv og ha tryggleik for framtida.

Av innsamlingsbeløpet vil i år 75% gå til tiltak i Sør, 15% til Aust-Europa og 10% til Norge, i hovudsak fokusert på:

- Matvaresikkerhet i Tigray i Etiopia
- Bevaring av regnskogen og sikring av indianeres levekår i Amazonas
- Reduksjon av atomkraftverk i Russland
- Reduksjon av miljøgifter i Øst-Europa
- Samarbeidsprosjekt mellom skular i Norden og Øst-Europa om nye fornybare energikilder og energiøkonomisering



*I Bokn vil innsamlinga som tidlegare skje frå kl. 14.00 og utover*



Det vert halde eit köyrekurss for innkjøring av unghest på Hognaland .

Kurset er aktuelt for uerfarne kuskar og hestar.  
Hest og kjerre må de ta med.

Starttid :10.00 på lørdag  
Pris 500 kr.

Påmelding og spørsmål til : Erik Eikje tlf 52748283  
eller 94678919  
Arr.:Køyrehestforeningen

BOKN  
KOMMUNE



## **SLUTT PÅ ALL TØMMING I KNARHOLMEN**

Det er nå slutt på ordninga med at det kan tømst greiner på området ved Knarholmen. Denne ordninga ført til at mange tippa fleire slag avfall som ikkje kunne gå i fliskuttar. Det er nå forbod mot all tøming i dette området. Skilt vil bli oppsett.

*Teknisk sjef*

## **ÅRSMØTE I BOKN HAGELAG**

Mandag 7.oktober kl. 19.00

ALLROMMET - BOKNATUN

- \* Årsmøtesaker
- \* Blomsteroppsetting ved Bente Husebø
- \* Kaffi + noko å bita i
- \* Utlodning

ALLE NYE OG GAMLE  
HAGELAGSVENNER ER  
HJERTELIG VELKOMNE!

# **STIFTELSESMØTE BOKN RIDE- OG KØYREKLUBB**



Onsdag 16. okt.  
Kl. 19.30  
på Boknatun

Vi ynskjer å starte ein ride- og køyreklubb i Bokn for alle som er interessert i hest. Dette er ein klubb som er tenkt for heile familien der alle kan vere med. Kontigenten vert billig og det er opp til medlemmene å fastsetja kor stor aktivitet ein skal ha.

**VI VIL OPPFORDRE DEG SOM ER INTRESSERT TIL Å VERA MED Å TA  
ANSVAR FOR AT VI KAN FÅ EIT GODT HESTEMILJØ I BOKN.**



## ***OPPSTARTING AV ARBEIDET MED KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL OG KYSTSZONEPLAN***

I samsvar med PBL § 27-1 gjer ein herved kjent at kommunestyret har vedtatt å setja i gong arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og kystsoneplan. Planarbeidet vil omfatte heile kommunen og ha ein varighet på minst 1 år (ut 1997).

Føremålet med planen er å vise:

- \* Byggeområde til ulike føremål
- \* Landbruks, natur- og friområde
- \* Område for råstoffutvinning
- \* Båndlagde område
- \* Område for særskilt bruk
- \* Viktige ledd i kommunikasjonssystemet

Kommunen har som målsetting å drive ein planprosess med høg grad av medverknad frå innbyggjarane, organisasjonar og andre.

Alle partar vil etter kvart bli kontakta, men dei som ynskjer det kan gje innspel til planarbeidet alt no ved å kontakte rådmannen eller teknisk sjef på tlf. **52 74 85 00**.

Rådmannen

## ***OPPSTARTING AV KOMMUNEPLANARBEID AREALDEL OG KYSTSZONEPLAN***

Bokn kommune kunngjer nå at arbeidet arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og kystsoneplan skal setjast i gong. Planarbeidet vil omfatta heile kommunen og pågå i minst eitt år.

Teknisk etat vil i nærmeste framtid senda ut ei lita orientering om arealplanlegging til alle husstandane. Informasjonsbrosjyren er utgitt av Miljøverndepartementet og Statens informasjonsteneste.

## **Endring i bussrute for Bokn**

På grunn av for lite kundegrunnlag på avgangen fra Loten kl. 06.28, (på skoledager), blir denne avgangen omgjort til bestillingsdrosje, lik avgang kl. 10.05 i ruteheftet (må bestilles dagen før). Endringen trer i kraft fra 01.10.-96.

**HAUGALAND BILLAG<sup>AS</sup>**

**TELEFON 52 70 35 00**

**VOLVO -78 modell til salgs.**

Tlf. 52 74 85 24

### **MISTA**

Rød- og svartspetta sykkelhjelm mista. 50 kroner i finnarlønn.

Ring Roy i tlf. 52 74 85 48

### **Hjertelig takk**

for alle blomster og deltagelse ved min kjære mann og vår kjære far Lars Gausvik's bortgang.  
Takk også for all omsorg den tiden Lars var syk.

Anne Grete  
Viggo og Randi  
Tommy

**BOKN  
KOMMUNE**



## **TIMEAVTALE VED KOMMUNALE KONTOR**

Dersom du har saker å ta opp ved dei kommunale kontora på Boknatun, må du på førehand gjera timeavtaleavtale

Rådmannen

**SIMO SPORTSVOGN m/pose til  
salgs**

Tlf. 52 74 85 25

**NY DOBBELTSENG - syreluta  
furu m/ madr. til salgs**

Tlf. 52 74 85 25

## **VERDENSBARNEDAGEN**

Bokn barnehage merkerer Verdensbarnedagen torsdag den 10. oktober.  
Barnehagen vil gå ned til Boknatun kor dei vil framføra songar på Torsdagstreffet. Dei vil også selja produkt som brevpost, postkort, m.v. til inntekt for FORUT barneaksjon.

## **BOKN BYGDAABLAD**

### **UTGJEVAR:**

Bokn kommune,  
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00  
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto 3373 07 00305

### **BYGDAABLADNEMND:**

Arvid K. Jøsang, Eli Kro  
Reidun Grønnestad

**REDAKTØR:** Reidar Alvestad

### **ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### **ANNONSEPRISAR:**

Heilside: kr. 300,-  
Halv side: kr. 150,-  
¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-  
Små privatannonser: kr. 10,-

### **FRIST FOR STOFF:**

Den 20. kvar mnd. 10 nr. årleg

## ARRANGEMENT:

- 04./05.10: Dansekurs i swing på skulen. Fred. kl.19-21.30.  
Tidspkt. laurdag blir avtalt fredag. Ald.gr. frå 9. kl.  
Instr.: Jan Kvinnesland.  
Pris: kr. 100. Arr: Bokn Swingklubb.
- 05.10: Dans m/ show på Bokn skule.  
Show v/ Dag Schreiner (lærer Gundersen) startar kl. 21.00 presis.  
Danseorkester: Broken Deal.  
Pris kr. 130 - medl. kr. 100.  
Arr: Bokn idrettslag.
- 06.10: Bedehusmøte, Santalmisjonen kl. 19.00.
- 07.10: Årsmøte Bokn Hagelag kl. 19.00. Sjå eiga kunngj. i bladet.
- 12.10: Haustauksjon. Arr: Bokn musikkorps. Sjå rundskriv.
- 16.10: Stiftelsesmøte Bokn Ride og Køyrekubb - Allrom kl.19.30
- Veke 42: Indremisj. har møte.
- 20.10: **MILJØ FOR LIVET**  
TV-AKSJONEN -96
- 24.10: BINGO. Arr: Bokn musikkorps.
- 25.10: Kontaktmøte på bedehuset for møtearrangørar kl. 19.00.
- 26.-27.10: Køyrekurs for innkj. av unghest. Sjå ann. annan stad.
- 27.10: Bedehusmøte, Israelsmisjonen kl. 19.30.



- 13.10 kl. 19.00. Gudsteneste v/ Tore Huseby. Mrk. at tidspkt. er flytta til kl. 19.00!  
Offer til Lærarakademiet.
- 27.10 kl. 11.00: Gudsteneste v/ Arne Aurdal. Hausakkfest. Offer til "Rogalandsgarden".

**Sundagsskule** på gammeskulen den 6. og 20. oktober kl. 14.00.

**LENSMANN**  
**Første fredag i kvar mnd.**  
**kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun**

**LANDBRUKSKONTORET**  
**Kvar fredag kontordag i Boknatun**

**Ordføraren** er å treffa på Boknatun torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

**HELSESTASJONSDAG**  
Måndagar 9 -11.30.  
Elles etter avtale.  
**Marie Lævoll Faye**  
**helsesøster**

**FOTTERAPI**  
Kvar onsdag. Påmelding i  
tlf. 52 74 82 95 - Rita Jensen